

Norskfinansiert rettsstat i forvitring

Juristar har bede Noreg stoppe milliardutbetalingar til Polen etter omfattande endringar i det polske rettsvesenet. – Polen mislegheld heile EØS-avtalen, seier jussprofessor Terje Einarsen.

EØS-MIDLANE

EVA AALBERG UNDHEIM
eva@dagogtid.no

Det er lite som går i rett retning for rettsstaten og demokrati i Polen for tida. På rankingane til den amerikanske stiftinga Freedom House vert ikkje landet lenger kategorisert som eit liberalt demokrati. Polen er òg landet som har falle raskast på demokratiindeksen Variety of Democracy dei siste ti åra. Særleg utviklinga i det polske rettsvesenet har bidrege til fallet.

Sidan det nasjonal-konservative Lov- og rettferdspartiet kom til makta i 2015, er det, som Dag og Tid har skrive om tidlegare, mellom anna innført ein lov som inneber at polske dommarar kan bøteleggjast – og miste jobben – om dei kritiserer justispolitikken til regjeringa. Det er òg oppretta eit disiplinærkammer i høgsterett som kan gripe inn mot dommarar som ikkje gjer jobben rett. Domstolar og disiplinærkammetret er fylte opp med folk som er lojale til regjeringa, og nesten alle dommarane i grunnlovsdomstolen er utnemnde av regjeringa.

EU har reagert på desse endringane, og kommisjonspresident Ursula van der Leyen har varsla at det kan verte aktuelt å halde tilbake budsjettstøtte og koronakrisemidlar til Polen om ikkje utviklinga i rettsvesenet snur.

I Noreg har både den førre og den noverande utanriksministren uroa seg over utviklinga i jusstissectoren, men ingen av dei har teke til orde for å halde tilbake den norske pengestøtta til Polen, EØS-midlane, av den grunn.

Jussprofessor Terje Einarsen

EØS-midlane

- Økonomiske bidrag knytte til EØS-avtalen frå EFTA-landa Noreg, Island og Liechtenstein til dei 15 minst velståande landa i EU.
- Noreg står for over 95 prosent av bidraga.
- Midlane skal bidra til sosial og økonomisk utjamning i mottakarlanda.
- Midlane vert delt ut i femårsperiodar etter avtale mellom EFTA-landa og EU. For perioden 2014–2021 er det sett av det som svarar til nær 28 milliardar norske kroner til ordninga.

ved Universitetet i Bergen meiner det er på høg tid at regjeringa no gjer det. Han kallar det som går føre seg i Polen, ei knusing av maktfordelingsprinsippet demokratiet byggjer på, og han meiner det er uansvarleg av Noreg å halde fram med EØS-bidraga.

– SMØR REGIMET

Einarsen er styreleiar i den norske avdelinga av Den internasjonale juristkommisjonen (ICJ Norge), ein uavhengig organisasjon av juristar. I eit ope brev til norske styresmakter har ICJ Norge bede om at alle EØS-midlane som går via polske styresmakter, vert stoppa. Midlane, som er øyremerkte sivilsamfunnet og vert forvalta av ei uavhengig stifting, kan, slik dei ser det, halde fram.

Sivilsamfunnet får derimot berre litt over 7 prosent av dei samla EØS-midlane til Polen, som

for perioden 2014 til 2021 er på 809 millionar euro, det vil seie over 8 milliardar norske kroner.

Polen er det største mottakarlandet av EØS-midlar og får nærmere 29 prosent av den samla potten som skal bidra til økonomisk og sosial utjamning i dei 15 minst velståande EU-landa. Det er Noreg, Island og Liechtenstein som saman bidreg med EØS-midlar, men Noreg står for over 95 prosent av bidraga.

Einarsen meiner at det å halde fram med å gje EØS-midlane kan bidra til å gjøre vondt verre i Polen.

«Støtten fra Norge smører det polske regimets tannhjul, som ubønnhørlig arbeider for å trekke det polske statsapparatet i autoritær retning», heiter det i brevet ICJ Norge har sendt til både regjeringa og partia på Stortinget.

Der vert det òg synt til at EØS-midlane kan verte misbrukte, i og med at det har vorte avdekt at det polske jusstisdepartementet har misbrukt eit nasjonalt justisfond, utan at det har fått verken politiske eller rettslege konsekvensar for dei involverte.

– Den polske dommarforeininga, som er uavhengig av polske styresmakter, meiner òg at pengane Noreg overfører til polske styresmakter, er med på å bidra til å auke undertrykkinga og gjøre det vanskelegare for dei å arbeide, seier Einarsen.

RAMMEVERKET

Verken den førre eller den nye norske regjeringa ser ut til å dele synspunktet til ICJ Norge.

Rett nok nekta Solberg-regjeringa å gje EØS-midlar til kommunar i Polen som har

erklært seg som såkalla LHBTI-ideologifrie soner, med grunngjeving om at slike erklæringer «kommer i konflikt med det felles europeiske verdigrunnlaget som EØS-prosjektene skal bygge på», ifølgje NTB. LHBTI er ei forkorting for lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og inkjekjønnspersonar.

I fjer vart òg justissamarbeidet med Polen under EØS-midlane endra etter at Domstolsadministrasjonen, som var norsk samarbeidspartner, meinte at den politiske kontrollen over domstolane i Polen hadde gått så langt at eit samarbeid ikkje var forsvarleg. Like fullt bidreg Noreg framleis med nærmere 80 millionar euro til jusstisektoren i Polen gjennom eit jusisprogram og eit innanriksprogram.

Dåverande utanriksminister

Ine Eriksen Søreide (H) sa i vår at ho meinte det var forsvarleg å halde fram samarbeidet med Polen finansiert av EØS-midlane, og at samarbeidet hadde stor verdi og bidrog til auka forståing og samarbeid, som igjen kunne bidra til demokratisk utvikling og vern om rettsstatsprinsipp.


Noverande utanriksminister Anniken Huitfeldt (Ap) har indikert at regjeringa ikkje har fleire sanksjonshøve gjennom EØS-regelverket enn dei som alt er teknike i bruk. Avtale med EU og kvart av dei 15 mottakarlanda om EØS-midlane, og Regelverk og forskrifter, inkluderer reglar for kva tid Noreg som gjevarland eventuelt kan gripe inn for å stoppe overføringer, program eller ulike prosjekt.

– I tråd med gode rettsstatsprinsipp held vi oss til dette rammeverket når vi gjer vurderingane våre og når vi set i verk sanksjoner, sa ho i Stortinget førre veke.

MISBRUK

Kommunikasjonsrådgjevar Ane Haavardsdatter Lunde i Utanriksdepartementet (UD) skriv i e-post til Dag og Tid at alle programma og prosjekta som vert finansiert gjennom EØS-midlane, må vere i tråd med Regelverket og respektere grunnleggjande verdiar, og at alle programma er gjenstand for ei løpende vurdering for å sjå om dette kravet er oppfylt.

– ICJ Norge meiner det kan vere mistanke om misbruk av midlane til Polen, særleg etter avsløringa av misbruk av det polske



Styreleiar Terje Einarsen i den norske avdelinga av Den internasjonale juristkommisjonen (ICJ Norge).

justisfondet. Er regjeringa viss på at midlar frå Noreg ikkje vert misbrukte?

– Så langt har verken UD eller sekretariatet for EØS-midlane i Brussel motteke rapportar eller informasjon om misbruk av EØS-midlar under jusisprogramma i Polen. Ved mistanke om regelbrot vert det sett i verk tiltak for å undersøke saka, til dømes ved ekstern revisjon av aktivitetene. Det ein òg kan merke seg, er at det polske justisfondet ikkje er tilknyttet programma som vert finansiert av EØS-midlane, seier Lunde.

– Kva resultat har EØS-midlane til jusstisektoren i Polen i perioden 2014 til 2021 ført til så langt?

– Gjennomføringa av programma i jusstisektoren i Polen er i startfasen, og prosjekta kan gjennomførast til og med april 2024. Hovudmålsetjinga for programma er å styrke justisfeltet i Polen, og det er lagt opp til aktivitetar innan kriminalomsorg, internasjonalt politisamarbeid, asyl og migrasjon, nedkjemping av vald i nære relasjoner og kriseredeskap, svarar Lunde.


BRYT EØS-AVTALEN

Slik Einarsen vurderer det, treng ikkje Noreg påvise regelbrot og misbruk av EØS-midlane for å stoppe pengeoverføringane til Polen.

– Det som er det heilt sentrale her, er knusinga av maktfordelingsprinsippet. Rettstryggleik og uavhengige domstolar er blant fundamenta for EØS-avtalen. Polen mislegheld heile EØS-avtalen, og då følger det av alminneleg folkerett at andre avtalepartnarar kan setje i verk



Polakkar har demonstrert mot eiga regjering og den langvarige konflikten med EU om budsjett og verdiar som Polen no står oppe i. Foto: Czarek Sokolowski / AP / NTB Scanpix





Internasjonale juristkommisjonen meiner det er uansvarleg av Noreg å halde fram med å gje EØS-bidrag til Polen. Foto: Eva Aalberg Undheim

- Den alminnelege folkeretten gjev tilstrekkeleg grunnlag for å stoppe utbetalingane til Polen.

Terje Einarsen, jussprofessor og styreleiar i ICJ Norge

proporsjonale tiltak, seier han.

– Noreg har trekt seg frå ein del av justissamarbeidet og nekta å utbetale EØS-midlar til kommunar som er erklærte seg som LHBTI-ideologifrie. Er ikkje slike tiltak både meir målretta og ryddigare enn å stoppe alle midlane?

– Nei, absolutt ikkje, for då står ein ikkje opp for dei grunnleggjande verdiane. Maktfordelingsprinsippet og det å ha ei uavhengig tredje statsmakta er heilt grunnleggjande for demokrati. Det er det grunnlova vår byggjer på, og det er det den polske grunnlova, EU-retten og menneskerettane byggjer på. Når andre statlege styresmakter ikkje står opp for desse prinsippa når dei vert brotne i så vesentleg grad som dei gjer i Polen, kan det få store negative følgjer, meiner Einarsen.

VENTAR EU-AVKLARING

– EU har ikkje kutta si pengestøtte til Polen.

– Nei, men førebels er det heller ikkje betalt ut midlar for 2022. Det er heller ikkje betalt ut midlar til Polen frå EUs gjenoppbyggingsfond etter pandemien

eno. EU etablerte i fjor eit særskilt regelverk om kondisjonalitet, som vil seie at det er mogleg å nekte å betale ut pengar til land som bryt med rettsstatsprinsipp. Dermed er det eit ope spørsmål om Polen kjem til å få midlane. Polen og Ungarn klaga regelverket om kondisjonalitet inn for EU-domstolen, men samstundes har EU-parlamentet gått til sak mot EU-kommisjonen for ikkje å ha sett i verk økonomiske sanksjonar mot Polen enno, så det skjer fleire ting i EU.

– Meiner du at EU har gått lenger enn Noreg i å presse Polen?

– Det står att å sjå. Noreg har stoppa nokre få, men konkrete tiltak og midlar. EU har ikkje utbetalet dei store pengane enno, men det er framleis uavklart kva som skjer. Eg trur EU-domstolen kjem til å kome til at regelverket om kondisjonalitet er i samsvar med EU-traktaten. Men etter mi meinring treng dei eigentleg ikkje det regelverket heller. I dette tilfellet gjev den alminnelege folkeretten tilstrekkeleg grunnlag for å stoppe utbetaлинane til Polen, seier han.

– MEIR DISKUTABELT

Einarsen meiner òg at Noregs behandling av Polen står i kontrast til at regjeringa i sommar vedtok å trekke tilbake alle EØS-midlane – rundt 2,3 milliardar norske kroner – til Ungarn. Avgjarda vart teken på bakgrunn av at gjeverlanda Noreg, Island og Liechtenstein ikkje lukkast å kome til semje med Ungarn om kva for fondsoperatør som skulle forvalte dei 100 millionane, om lag 4 prosent, av midlane som skulle gå til sivilt samfunn.

L u n d e i Utanriksdepartementet syner til at det i rammeavtalen som vart inngått med Ungarn i desember 2020, var lagt inn ein klausul om at ingen av programma kom til å verte gjennomførte dersom det ikkje vart semje om oppnemninga av ein fondsoperatør for fondet for sivilt samfunn innan ein frist i juli 2021.

Einarsen stussar over grunngjevinga.

– Eg seier ikkje at det ikkje var rett å stoppe utbetaлинar til Ungarn, men eg meiner det er meir diskutabelt å stoppe alle midlane til Ungarn ut frå ei grunngjeving som er knytt til ein liten prosentdel av beløpet, enn det ville vore å stoppa midlane til Polen. Ein kan jo difor lure på om det òg finst andre grunnar til at alle midlane til Ungarn vert stoppa, som faren for misbruk av midlar og den problematiske rettsstatssituasjonen også der, seier han.

VIL OPPGRADERA GAMLE ATOMKRAFTVERK I USA

Måndag gjekk Joe Biden på eit nytt nederlag i Kongressen. Han ville ha ein infrastrukturpakke på 3,5 billionar dollar over ti år. Han fekk berre 1,2 billionar dollar. Men i éin sektor stod nok jubelen i taket. I planen er det sett av 6 milliardar dollar til å oppgradera gamle atomkraftverk som stod i fare for å vera lukka.

Og ikkje nok med det, atomkraft fekk ein mykje lægre skatterate enn andre energikjelder. «Saka er», sa visestabssjefen i Energidepartementet, Jeremiah Baumann, «at vi har ein bråte trygge anlegg der ute som produserer rein energi nett når USA og verda treng det som mest. Vi har ikkje råd til å tapa CO2-fri straum».



Bruce Nuclear Generating Station i Ontario i Canada er det største i sitt slag. Foto: Wikimedia Commons

SAMTALE

Storsalen

HVORDAN MIN MOR OVERLEVDE HOLOCAUST En jødisk kvinnes liv

Bokaktuelle og datter Lill Fanny Sæther samtaler med HL-senterets Maria Schwaller Rosvoll bl.a. om familiens opplevelser i den dramatiske tiden mellom arrestasjoner og deportasjoner i 1942.

Minikonsert med Calmeyers Kapelye

Informasjon og strømming: hlsenteret.no



Huk aveny 56, Bygdøy
Tlf.: 22 84 21 00

14:00

21.11

DAG
OG
TID

**Velkommen til deg
som er ny abonnent.**

**Og takk til deg som hjalp
oss å nå kampanjemålet.**

VI HAR FÅTT

442

**NYE ABONNENTAR PÅ TRE VEKER
(MÅLET VAR 300)**



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på dagogtid.no

MS «EPOS»: Bokbåten er på Sandane for siste gong. | SIDE 20–21



Etter 65 år er det slutt på stønaden til det flytende biblioteket som har trafikkert vestlandsfjordene. Foto: Håvard Rem

FRI VEKEAVIS
FOR KULTUR
OG POLITIKK

A-AVIS

KOMMENTAR | SIDE 2–3

God motorikk heng saman med gode matematiske kunnskapar hjå born heilt ned til to år, skriv Siri Helle.

DAG OG TID

NR. 46
19.-25. NOVEMBER 2021
60. ÅRGANG
KR 59,-

ØKONOMI | SIDE 10–11

Fond: – Statistikken er klar: Invester passivt i indeksar, seier journalist Robin Wiggleworth, som har skrive bok om indeksforvalting.

HELSE | SIDE 9

Kapasitet: – Det som verkeleg trengst, er å utvide grunnbemanningsa ved sjukehusa, seier medisinprofessor Sven Erik Gisvold ved NTNU.

HISTORIE | SIDE 12–13

«Eg spør meg kvifor handlekraftige kvinner var ideale i norrøn tid.»

ELSE MUNDAL, PROFESSOR



Foto: Camilla Kottum Elmar

MUSIKK | SIDE 32

Jazz: Mats Eilertsen kvartett har laga årets beste plate, slår Lars Mossefinn fast etter å ha hørt albumet *Hymn for Hope* femti gonger.

MELDING | SIDE 31

Litteratur: Stein Torleif Bjella fiskar ikkje etter lesarens gunst, men gjett om vi sit på kroken, skriv Ingvild Bræin om romanen *Fiskehuset*.

– Stopp EØS-midlane til Polen

VANSTYRE: Jussprofessor Terje Einarsen og andre norske juristar har bede Noreg om å stoppe milliardutbetalingar til Polen. Dei meiner at den polske regjeringa aktivt undergrev rettssystemet.

POLITIKK | SIDE 4–5



Terje Einarsen er styreleiar i den norske avdelinga av Den internasjonale juristkommisjonen. Foto: Eva Aalberg Undheim